

## Aktivitetsplan 2009 / 2010

Dato	Arrangement	Komite
17. mai	Nasjonaldag	
23. mai	Speling i Måløy	
5. - 7. juni	TPM-turhelg	Styre
4.- 6. sep.	Stormfestival-09	Styre
15.-17. okt	Øvingshelg	
17. okt	Basar	
27. des	Juletefest	
3. jan (-10)	Nyttårskonsert	
15. -17. jan. øvingshelg. 2010		
29. -31. jan. øvingshelg. 2010		
5. ,6. og 7. feb. 2010	NM Bergen	
Våren/ sommaren 2010	langtur	

### Hugs å betale medlemskontingent

Har du hugs å betale medlemskapet ditt. I tilfelle ikkje så spring til nettbanken eller banken.

Vredens Gnag / passive:	kr. 125
Skuleelevar:	kr. 250
Vanlege aktive:	kr. 500
Intrumentleige:	kr. 300

Legg sammen det som blir rett for deg og merk med ditt navn, betales til Torskangerpoll Musikklag sin konto 6554 05 06153 snarest.

Mvh Eli Refvik, kassere



2							
		5	9				8
	7				8	4	3
7	3			6			9
			4	3			
6			2			3	1
8		9	3			6	
4					2	5	
							2

S  
u  
d  
o  
k  
u

	2		7	1			
		8					9
3	5			1			2
			9				
4				6			5
			8			4	3
5	9						
		7		2			6
8		1			5		

# Vredens Gnag

God 17. mai



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 5

16. årgang

Laussal: Gratis

Mai 2009

## Satsar på sOl

Så er det snart 17. mai. Også i år samarbeider Torskangerpoll Musikklag og Holvik Skulekorps, og Holvik og Vågsvåg om feiringa av nasjonaldagen.

Og det er vel ganske naturleg når vi er ein felles skulekrins her. I år er det folketog i Vågsvåg på

føremiddag, og i Holvik på ettermiddagen. I begge toga så vil Torskangerpoll Musikklag og Holvik Skulekorps spele i lag. Det er fine meldingar, og dermed burde alt ligge til rette for ein strålende feiring av nasjonaldagen i Holvik, Vågsvåg og dei andre flotte bygdene i vest.

Torskangerpoll Musikklag vil ynskje alle til lukke med dagen. Sjekk programmet for dagen i bygdene i vest hos Oldeide i Holvik, og på plakatar rundt om kring.



[www.torskangerpoll.no](http://www.torskangerpoll.no)



## 15 korps på stormfestival

**15 korps har meldt seg på haustens stormfestival som er 4. 5. og 6. September.**

-Det er veldig bra, seier leiar i Torskangerpoll, Johan Wåge. Det betyr at vi blir rundt 400 deltakarar utanom arrangøren. Fleire av korpsa har vore med før, men det er også ein del nye som dukkar opp på denne populære festivalen.

Denne gongen er det berre to korps frå Sogn og Fjordane, Eid Musikklag og Måløy Musikklag. Dette viser at vi har lukkast med det vi har reklamert for, nemleg ein spennande sosial festival der vi kan vise fram den vakre naturen vår, servere god vestlandsmat utan spelepress og konkurransejag, seier Wåge.

Planlegginga pågår for fullt, og alt ligg til rette for at det blir ei flott helg i september.

Det er ikkje heilt fullt, og nokre få korps har signalisert at dei kan melde seg på. Det betyr at det kan bli endå fleire korps, seier Johan. Dette er den sjuande stormfestivalen, og ekstra moro er det at Raufoss, som har vore på alle

festivalane, kjem igjen også i år. - Silda er klar, og vi gler oss, seier Johan.



*Pakking av brosjyrer.*

Korpsa som har meldt seg på, og som har betalt påmeldingsavgift er.

Otta Musikkforening, Alversund Musikklag, Vestre Gausdal Musikkforening, Averøy Ungdomskorps, Valestrand Musikklag, Eid Musikklag, Nørvøy Ungdomskorps, Ellingsøy Hornmusikk, Raufoss Musikkforening, Dalsfjord Musikkorps, Bispehaugen Ungdomsk, Fræna Musikkorps, Frei Hornmusikk, Måløy Musikklag og Ørsta Hornmusikk.

## Gravferd:

To fyllikere såg tilfeldig et stort gravfølge passere.

Den ene merket seg størrelsen på følget og spurte undrende den andre.

- Skal tro hvem som er dau"?

- Vettasøren, men jeg vil tippe at det er den som ligger opp i kisteen....



## Strålende innsats av Holvik



**Holvik Skulekorps vann brassklassen i klasse 1 for skulekorps under Tomra Ørskog Festivalen nyleg der det deltok fire korps.**

Holvik Skulekorps, dirigert av Roar Ståle Vedvik, spelte



Månemannen og Diogenes, og fekk 93 poeng som var høgste poengsummen i konkurransen av samtlege skulekorps.

Holvik skulekorps fekk også pris for beste norske stykke under konkurransen og for beste konkurransestykket av alle skulekorpsa som deltok.

- Vi er kjempefornøgte. Nivået på mange som var med var høgt. Musikantane frå Holvik gjorde ein svært god jobb, og kan trygt kalle seg Nordvestmeistrar, seier Roar Ståle.

Holvik stilte også med to ensemblegrupper i konkurransen og dei fekk 3. og 4.-plass.